



MØTEBOK

Møte: 6-2021
Møtedato: Onsdag 27.10.2021
Møtestad: Viefluno
Tid: 18.00

Desse møte:

John Olav Habbestad, Åse Innvær, Elisabeth Bjørnevik, Trygve Totland, Camilla Rubach, Hans Otto Robberstad, Odd Ingvar Nilssen, Asbjørn Gundersen, Elin Taranger og Trygve Leigland.

Desse var ikkje på møtet:

Heidi Vold Ådnanes

John Olav Habbestad leia møtet.

2021-06-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
Godkjent

2021-06-02 MØTEBOK
Møtebok 4 og 5-2021 godkjent med kommentar.
Vart stil spørsmål til om ein hadde noko forklaring på postane i 2 kvartalsrapport som vart nemnd på i sist møte. Dette var utgifter knytt til trusopplæring som var ført feil. Utgiftspostens innhald var innkjøp av bøker.

2021-06-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Små prosjekt:
 - Arbeid i gong ved Bremnes kyrkje. Skeive portsøyler og lyktestolpar.
 - Isolering av servicehus på Espevær gravplass. Ferdig
 - Restaurering av klokketårn på Espevær gamle gravplass. 50% av Larssen minnefond.
 - Skifte av varmpumpe i Bremnes kyrkje er sett i bestilling.
 - Oppgradera sendarar på alarmsentalane i Bremnes, Bømlo og Moster kyrkje. Lykling fekk ny for eit par år sida.
2. Gjennomført førstehjelpskurs i Moster og Bremnes kyrkje for alle sokna. Svært få/eller ingen frå Bømlo og Lykling sokn.
3. Mykje sjukemeldingar, og manglande ressursar på kontoret.
 - Diakon
 - Pedagog x2
 - Kyrkjegardsarbeidar
 - Kantor med permisjon frå slutten av november og fram til jul.
4. Møte med gravferdsbyråa.
5. Informasjon om ny minnelund på Bremnes kyrkjegard

6. Informasjon om flygel.
7. To tilbud på Bømlo kyrkje prosjekt. Forhandlingar/avklaringsmøte med Engelsen fredag 29. okt. Prosjektet vert overført anna konsulent i Novaform.
8. Konkurrans på utviding av Vorland vert køyrt i november.

2021-06-04 KVARTALSRAPPORT 3. KVARTAL 2021

Det vart gjeve forklaring på ein del postar i rapporten.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 3. kvartal 2021 til vitande.

2021-06-05 HØYRINGSSVAR OM NY KYRKJELEG ORGANISERING

Det vart gjeve ei orientering om prosessen og arbeidet med høyringssvaret. Det vart også informert noko om korleis fellesrådet sitt svar skil seg frå for eksempel Moster sokneråd sitt høyringssvar.

Vedtak:

- 1. Bømlo kyrkjelege fellesråd stiller seg ikkje bak forslaget til ny kyrkjeleg organisering med prostifellesråd.**
- 2. Høyringssvaret vert lagt inn i svar-modulen av kyrkjevevja.**

2021-06-06 REVIDERT DRIFTSBUDSJETT 2021

Det vart gjeve ei kort orientering om revidert budsjett. Sjå elles sakspapira for informasjon.

Vedtak:

Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek revidert driftsbudsjett.

2021-06-07 REVIDERT INVESTERINGSBUDSJETT 2021

Saka vart oppretta i møtet som forlenging til sak 2021-06-06.

Vedtak:

Fellesrådet vedtek revidert investeringsbudsjett som inneber:

- Midlertidig bruk av 400 000,- til innkjøp av flygel til Bremnes kyrkje.**
- Omdisponering av midlar sett av til opparbeiding av gravareal på Moster, til å inngå i utviding av gravplassen på Vorland.**